



VOSSAVASSDRAGET

- VERNA AV NASJONAL VERNEPLAN FOR VASSDRAG



Naturvernforbundet


Voss Naturvernlag



Noreg har berre **11,6%** villmarksprega natur att.

I Hordaland er **9 av 10** utbyggbare vassdrag allereie utbygd.

Raundalselva er med Vossavassdraget eit av dei få vassdraga Hordaland som renn fritt frå fjell til fjord.



**“Har alltid tenkt
at fysisk aktivitet er
ein nøkkel ikkje berre
til fysisk helse, men
også sinnsro.”**

-Nelson Mandela, 1995

FRILUFTSLIV:

NATUREN APPELLERER TIL NOKO GRUNNLEGGJANDE I OSS. Den gjev livsglede, og den hjelper oss til å gjenskape mental balanse når den moderne livsforma slit for hardt på oss.

AUKA LIVSKVALITET, eller søken etter det gode liv, er dominerande årsak til at folk i Norden oppsøker natur, landskap og kulturmiljø. Motiva er å oppleva naturen, roen og freden, stressa ned og kople av, komma vekk fra støy og forureining, oppleva spor etter forfedra våre, vere saman med familie og venner og å få mosjon.

NÆRNATUREN SIN VERDI VERT POENGTERT både for det biologiske mangfaldet, det sosiale liv og folkehelsa. Tilgongen på nær kvardagsnatur, og natur som gjev kjensle av det mektige og urørte, vil vera heilt avgjerande dersom den skal kunne takast i bruk som kraftkjelde i framtida. (*Naturoppliving, friluftsliv og vår psykiske helse: Rapport fra det nordiske miljøprosjektet «Friluftsliv og helse»*)

Ei slik kraftkjelde forutset at urørt natur vert ivareteken. I ei bygd prega av omfattande mengder små og store vasskraftutbyggjingar, er Raundalen det siste store området som har fått stå i fred. Nedbygging av vassdraget vil utsletta området som ei kjelde til auka livskvalitet.



Det tradisjonelle friluftslivet har fått
selskap av "spenningsfriluftsliv".


Voss er i verdklasse for slik aktivitet
og internasjonalt anerkjend som
"Mekka" for elvesport.

Raudalselva er sjølve hovudpulsåra
i regionen.

TUROPPLEVINGAR ER KNYTTA TIL OPPLEVINGA AV LANDSKAPET.

FOR DEN SOM OPPSØKER NATUREN vil menneskelege inngrep redusere verdien til eit område. Heilt nede langs vannkanten er det gjerne flatt og lett å gå. Tilgang på vatn gjer også at ein finn stiar her, og ofte er det gamle, tradisjonsrike ferdsselsårar.

Konflikten med kraftutbygging vert spesielt stor då mange friluftsaktivitetar er knytta til vatn. Ikkje berre fisking og bading, men også fotturar, jakt og bærsanking vil bli ei forringa naturoppleving når ein støter på kraft-innstallasjonar eller ein tørrlagt bekke.



Ei eldre dame finn motivasjon til å halde seg i form.

Vernevedtak og lov om varig vern skal hjelpe oss til å forstå at me har naturressursar me må ta vare på. Raundalselva er varig verna i klasse III – der alle former for omdisponering bør unngås.

Det er av nasjonal interesse å sørge for at me har ekte, urørt natur igjen for komande generasjoner. Inngrep i Raundalselva vil fjerne grunnlag og rammevilkår for positiv utvikling av friluftsliv og reise- og næringslivet på Voss og i Raundalen. Eksisterande tilbod og næring vil forsvinna.

”Tilgang til natur og rekreasjon i nærmiljøet har stor betydning for utvikling av stadsidentitet og tilhørighet. Me må vera oss bevisste kva me vil Voss skal vera – det handlar om bygging av omdømme.” – Torill Hunnlålvatn, Voss Utferdsdag




VOSS OG REISELIV

Reiseliv er ei av næringene som veks og våre beste forutsetningar er natur:
Fjordar, fjell og vassdrag!

- Mogelegeheitene og variasjonen gjer Voss til ein destinasjon der turistar vil bli over tid.
- Summen av opplevingar gjer ein destinasjon sterk!

«Reiselivssatsinga på Voss hadde i 2016 dobbelt så stor auke innan reiselivet som landet elles. Innanfor denne suksessen ligg det også svært mange nye arbeidsplassar.»

Monica Mæland til Avisa Hordaland, 20.01.2017



KVIFOR REISELIV?

Norsk reiseliv skapar verdiar for 70 milliardar kroner i året. 76 % av utanlandske turistar som besøker Noreg kjem for å oppleva naturen.

Reiselivet er ein av få næringar i vekst og potensialet er enormt. Næringa skal bli eit stødig bein å stå på når oljenæringa vaklar. Det som særpregar reiselivsnæringa er at den sysselset breitt - og viktigast av alt - den kan ikkje flyttast ut. Det er med andre ord ei næring som også i framtida vil vera med på å sikra verdiskaping på Voss.



www.visitvoss.no/ting-a-gjera/aktivitetar/vatn-og-elvesport

VOSSE
bygd av Vossingar

Søk på siden

Du er her: Ting å gjøre | Aktivitetar | Vatn- og Elvesport

Like 0 Tweet 0

Rafting © Voss Rafting Senter

Søk ting å gjøre

Vatn- og Elvesport

Glad i action? Voss er eit mekka for vatn- og elvesport. Her er elvar med krystallklart vatn, innramma av ein dramatisk vestlandsnatur, som gjer elvekajakk, rafting og andre elveaktivitetar til ei heilt spesiell oppleving.

Om du ynskjer ein litt rolegare dag, bli med Nordic Ventures på ein guida havkajakketur i fantastiske omgjevnader på Nærøyfjorden.

www.outdoornorway.com/water-2/

OUTDOOR NORWAY

WHERE YOUR WATER ADVENTURE UNFOLDS

WATER ACTIVITIES

Voss is the home of summer water sports in Norway.

The surrounding mountains of the Raundalen & Myrdalen region supply us with unlimited, fresh, turquoise water flowing through many canyons, rivers and lakes.

Whether you want total tranquillity or a wild adrenaline pumping ride, Outdoor Norway™ has all your adventure activities covered.

Come and join us in the water this summer!

Fleischers Hotel

Om oss Kontakt Booking Språk

Rom Konferanse Mat og drikke Selskap Bryllup Velvære Aktivitetar Tilbud

Beliggenhet Anmeldelser (+47) 56 52 05 00 Forespørsel

Voss Rafting Senter og Voss Klatrepark

Vann over hode eller opp i høyden?

Voss Rafting Senter tilbyr en rekke ulike aktivitetar i elver og stryk i Vossa området. I tillegg har de utviklet Voss Klatrepark, hvor du kan utfordre deg selv i hayden.

Voss Rafting Senter tilbyr ulike aktivitetar i elver og vann, som rafting, juvning og rapellering, i varierte vanskelighetsgrader. De tilbyr også guidet fjellturer og fisketurar, og er du og din familie, dine kolleger eller venner interessert i en aktiv dag ute i naturen har koll Voss Rafting Senter aktivitetar for dere. I tillegg driver de Voss Klatrepark, som du finner ca. 15 minutters kjøretur fra Voss sentrum. Her er er to ulike leyer hvor du kan utfordre haydeskrekken.

For mer informasjon, se [Voss Rafting](#)

VOSS ACTIVE AS

Voss Active AS er selskapet som har organisert raftingturar i Vossavassdraget sidan 1992. Dei har investert i produktutvikling, nye selskap og etter kvart laga mange arbeidsplassar. I dag omset selskapa for over 18 mill og har 16 årsverk.



Dei som kjem til Voss grunna rafting treng også overnatting, servering og transport. Dei oppsøker gjerne fleire opplevingar under sitt besøk på Voss. Dette genererer 46,5 mill kroner* i samfunnsmessig omsetning. Denne verdiskapinga kan forsvinne om Raundalselva ikkje lenger kan raftast i. * Kjelde: Transportøkonomisk Institutt



PARADIGMESKIFTE I REISELIVET

Turistar i dag bestemmer seg ikkje lenger først for kva destinasjon dei skal reisa til – dei bestemmer seg kva aktivitetar dei vil gjera, og så ser dei vidare på kor i verda ein kan oppleva dette.

Dagens turist vil fylla ferien med naturbaserte opplevingar og ta i bruk guiden for å få drøy-

ferien sin. Dette er eit betalingsvillig segment som vil bruka Voss som ein base, bu her i fleire dagar, og dette vil dryppa på fleire. Det er denne turisten me vil ha på Voss – dette er nøkkelen til framtidas reiseliv.

På Voss er me kome langt – me er truleg den destinasjonen i Noreg med sterkest kompetanse på oppleavings- og naturbasert reiseliv. Det er summen av opplevingar som gjer ein destinasjon sterk.



Her gir Mike Abbott turistane ei uforgløymeleg oppleving.



GRÜNDERAR PÅ VOSS:

Mange internasjonale tilflyttarar lagar sin eigen arbeidsplass. Dei ser potensiale på Voss med ein kombinasjon av mogelegheiter og ulike typar friluftsliv som ikkje fins mange steder i verden.



Sveitsaren Julian Stocker kom til Voss på padleferie i 2008. Han forelska seg i elvene her og vart verande. No er han Voss sin ekspert på sosiale media og jobbar til dagleg med å marknadsføre store og små bedrifter i kommunen.

«Utan elva er det vanskeleg
å forsvare at Voss er verdas
beste plass å bu.»

Julian Stocker, Gründer, Jabbadabbadoo



KVIFOR KJEM FOLK TIL VOSS, KVIFOR BLIR DEI?

*Identitet og merkevarer knytt opp mot naturen og opplevingar gjer
Voss attraktivt å flytta til og besøka.*



Frode byrja med rafting på Voss tidleg 1990-tal. Utvikla etter kvart fleire produkt og verksemder basert i Voss sin natur: Voss Active, Norway Active og Voss Klatrepark. Reiselivet nyttar aktivitetane for å lokka turistar til hotell, restaurantar og andre opplevingar i bygda.

"Det var fyrst og fremst dei flotte elvene og moglegheita til å skapa ein arbeidsplass basert på rafting som førte meg til Voss. Ekstremsport har alltid stått sentralt i livet mitt, og Voss er ein stad som byr på mange moglegheiter både geografisk og sosialt. I dag set eg stadig meir pris på at bygda er ein god plass å veksa opp i." Frode Solbakk, Voss Active



Ragne var med på å starta den populære villmarkslinja på Nye Voss Vidaregåande skule, der ho i dag har arbeidsplassen sin.

"Ekstremsportveko og Voss Rafting fekk meg til Voss. Vart verande fordi Voss har naturen, folka, aktivitetane og festane som eg elskar." Ragne Elise Berre



I dag har Mike lærlingplass i ambulansetjenesta og jobbar ekstra som skipatrolje i Voss Resort.

"Etter å ha høyrd rykter om fossar og nydelege elver fekk eg jobb hjå Voss Rafting Senter og kom til Voss. Alt eg hadde hørt var sant, og så mykje meir.." Mike Abbott



Å velja bygd for sterke opplevingar forpliktar!
Skal me vedlikehalda den gode merkevara som Voss er, så må me handla i tråd med denne merkevara.

EKSTREMSPORTVEKO VISER FRAM VOSS TIL VERDA

Visjonen til Veko er å bli verdas største ekstrem sportarrangement. Eit av hovudmåla til Veko er å marknadsføra Voss som ein destinasjon for sterke opplevingar.

STIFTA OG DRIVEN AV 4 LOKALE KLUBBAR:

- Voss Kajakklubb • Voss Fallskjermklubb
- Voss Hang- og paragliderklubb • Voss Active

50% av stiftinga er basert på elvesport.

Veko er non-profit og bygd på frivillig innsats.



Ekstrem sportveko trekkjer til seg kring 1400 utøvarar frå meir enn 40 nasjonar. Har 20 sportar på programmet og 20 000 besökande årleg.

800.000+ TV-sjårarar årleg

"VEKO" ER INKLUDERANDE.

I tillegg til alle konkurransar, har Veko eit rikt aktivitet- og festivalprogram for menneske i alle aldrar. Veko aktiviserer, inspirerer og skapar eit unikt samhald og miljø for vossingar, tilreisande og alle dei 800 frivillige som jobbar og står på. I 2016 hadde veko 700 deltagarar på lavterskel aktivitetar. I 2017 vert det 20-års jubileum. Raundalselva er ei forutsetning for fleire store jubileum av ein så rikhaldig festival.

Nedbygging av Raundalselva vil knuse rekruttering, motivasjon og dugnadsvilje i miljøet.

Ein slik sprekk i grunnmuren til Ekstrem sportveko vil ha store konsekvensar for festivalen si framtid.



VOSSOVASSDRAGET

- Spektakulær elvefamilie som dannar elvesportens mekka.




STRANDAELVA ER FAR.

Trygg og solid, men gjev seg tidlegare i sesongen.

Forutsigbar arena for aktivitet mai-juli.
Vert nytta av nybyrjarar, kommersielle turar,
slalåmtrening og konkurransar.

Strandaelva: Påliteg vannstand mai-juli



RAUNDALSELVA ER MOR.

Vakker, krystallklar, vill, uthaldande.

Fotomodellen som lokkar til seg vasselskande artar frå heile verda. Henne kan me stole på gjennom heile sesongen. Ho har alltid eit strekke som lar seg forserast av elvefolk på alle nivå. I dei høge fjella kring Raundalen ligg snøen lengre utover somamren. Snøen porsjonerer ut vatnet og gjer at me får ein lengre sesong.

Raundalselva: Alltid eit strekke med passeleg vannstand, for elvefolk på alle nivå.

SAMAN DANNAR DEI VOSSO.

*Den rolege kjempen som fører
livsåra ut til havet.*

Eigna elv for ferske padlarar,
familieturar og fiskeopplevelingar.



**EIT MYLDER AV SIDEELVER OG BEKKAR
HØYRER OGSÅ TIL FAMILIEN.**


Råe, spektakulære, men flyktige

Når vassføringa er passeleg strømmer entusias-
tiske brattpadlarar til for å oppleva desse unike
perlene. Her vert det produsert store meng-
der biletar og film-materiale som vert spreidd
rundt heile verda.

Men det minkar på slike perler på
Voss. Mange er allereie fanga opp
i røyr, og fleire står i fare for å bli
bygd ut.



Kråkefossen i Teigdalselva - berre mogeleg å padla under flaum.



- Med Raundalselva inntakt kan aktivitets-tilbydarane trygt selje elveopplevelingar på Voss heile sesongen.
- Med Raundalselva inntakt kan padleturistar planlegge tur til Voss gjennom heile sesongen.
- Med Raundalselva inntakt sikrar me at ressurspersonar ynskjer å vere her og ikkje andre stader.
- Utan Raundalselva vert sesongen for elvesport kortare og uforutsigbar.

VOSSALAKSEN EIN SAGA BLOTT?

Vassdragsregulering er ei av fleire årsaker til kollaps av bestanden. Evanger-reguleringa har medført betydeleg redusert smoltproduksjon både for Bolstadelva og Teigdalselva.

Fleire negative faktorar gjer også redningsarbeidet vanskeleg å fortsetja med. Årelang innsats med kultivering og forsking for mange 10 talls mill kr vert bortkasta.

UTVIDING AV LAKSEFØRANDE STREKK I RAUNDALSELVA

Vasstemperatur og vasskvalitet har hatt positiv utvikling siste åra, så alt ligg til rette for eit flott laksevassdrag heilt til Bøfossen ved Urdland.

Raundalselva har høg verdi som lakseførande elv, med gode gyte- og oppvekststrekningar. Lakseførande strekning er i dag til Sarpen, ca. 2,5 km ovanfor Bjørke. Sarpen er ein ca. 4 meter høg foss, og stor laks kan hoppe opp fossar som er 4-5 meter. Vossolaksen som er kjend som storlaks, kan truleg etablera seg vidare til neste hinder som er Bøfossen. Bøfossen er 4,4 km ovanfor Sarpen. Eit kraftverk på Bjørke øydelegg framtida med 7 km lakseførande elv.



Kraftutbygging gir lågare vasstemperatur om sumaren, og høgare om vinteren. Nyleg utklekt lakseyngel er avhengig av tilgang på dei rette næringsdyra for å overleva. Temperaturendringar er svært negativt for dette naturlege samspelet i vassdraget.

Vossovassdraget er eit nasjonalt laksevassdrag.

Eigne reglar for nasjonale laksevassdrag gjeld uavhengig av elvevernet. Kraftutbygging bryt med reglane for nasjonale laksevassdrag.

VOSSALAKSEN HISTORIE:

- Tidlegare eit av Noregs mest internasjonalt kjente laksevassdrag.
- Fiskarar frå heile verda kom til Voss for å oppleve det fantastiske fisket.
- Årlege fangstar på over 20 tonn i gode sesongar.
- Ein sterk bestand ville i dag gjeve 20 – 40 mill. kr i årlege inntekter.

KLIMAENDRINGAR OG FORNYBAR ENERGI?

Sjølv gjennom massive naturinngrep ved utbygging av vasskraft, vindkraft på land og nye kraftlinjer, kan ikke Noreg bidra med meir enn

2-4% reduksjon av fossilt brennstoff i EU sin elproduksjon. Overgang til fornybar energi må EU-landa i fyrste rekke ta ansvar for sjølv, noko dei er innstilte på. Utgreiingar viser at Tyskland kan oppnå 100% fornybar elektrisitetsproduksjon utan Noreg som «Europa sitt grøne batteri», og med vesentleg mindre naturinngrep.

INNGREP I NORSKE VASSDRAG


Medan andre land fokuserer på lågare forbruk og naturvenlege energikjelder, bør også Noreg tenke på å bevare litt av sin helt unike vassdragsnatur.

Det største kraftverket i Noreg heiter i dag energieffektivisering. Energieffektiviseringstiltak i bygg og industri kan frigje energi tilsvarende **40 Alta-kraftverk (26,5 TWH)**. Overproduksjon av kraft pressar straumprisane ned og gjer slike tiltak ulønsame.

Andre land i Europa har som mål om å bli sjølvforsynt av fornybar energi, dei vil med andre ord ha mindre behov for vår overflødige kraft i framtida.

Me ser også ein rivande teknologisk utvikling innan meir naturvenlege former for fornybar energi. Andre land fokuserer på lågare forbruk og naturvenlege energikjelder.

Andre land i verda er allereie i gang med å rive gamle demingar og kraftanlegg for å frigjere større naturområde til plantar, dyr og friluftsliv.



Inngrep i vassdrag kring Voss

Desember 2016

- Utbygd/under bygging
 - Planlagt og godkjent
 - Uavklart søknad
 -  Magasin

— Vannveg / Rør

Data fra NVE desember 2016



MODER JORD VIL OVERLEVE MEN VIL MENNESKET?

Frisk natur har ikkje berre ein bruksverdi for opplevingar, det er også det som leverer det minste me treng for å leva – oksygen, vatn og næring.


Utbygging av kraftverk med tilhøyrande kraftlinjer har ført til store og varige inngrep i naturen. Ekstremver og hyppigare flaumar har ført til eit auka fokus på klimaendringane, noko som igjen vert brukt som press for å bygge ut endå fleire kraftverk.

DET OFFENTLEGE ARBEIDET MED VASSDRAGSVERN har pågått sidan 1960. Hensikten var å finne fram til *vassdrag med særlege kvalitetar*, *Typevassdrag* (som kan representera eit større antal vassdrag i ein landsdel) og *referenase vassdrag* (der dei naturlege prosessane får mest mogleg gå upåverka slik at dei kan danne ein standard som endringane i påverka vassdrag kan målast mot).

Vossovassdraget er det største i Hordaland og eit av dei siste, store urørte vassdraga på Vestlandet.

KRAFTSELSKAPA sine konsulentar finn lite nevneverdige verdiar der kraftsekskapa vil bygge. NVE sin gjennomgang av naturkartlegging i samband med utbyggingssøknader viste grove **avvik i 14 av 20 vassdrag**.

- 30 av 58 truga naturtypar, og berre 1 av 14 svært viktige lokalitetar vart avdekkja.
 - 13 av 166 raudlisteartar (truga artar).
- Øystesevassdraget fann kraftsekskapa sine innleidige konsulentar berre 3 av 14 raudlisteartar.




Raundalselva er verna på grunn av stort mangfald av plante- og dyreartar, spennande geologi og landskapsformar, store kulturminneverdiar og rikt friluftsliv. – Nasjonal verneplan

Me må vurdere kor store tap av natur me tåler før det er for sein!

Øydelegging av naturleg areal i Noreg står for 87% av tapet av artsmangfaldet vårt!

På lik linje med pollinerande innsekt har me fleire viktige artar som er med på å gjere jordkloden leveleg for oss menneske.

Ingen veit kor mange artar som kan forsvinne før økosystemet vårt kollapsar.



“ Ein levande dal treng
ei levande elv! ”

Marlene Devillez og Nicolas Caussanel
– busette i Raundalen



DESSE SMÅ FØTENE SKAL TRØ JORDA ETTER OSS...



Naturvernforbundet
Voss Naturvernlag

Publisert november 2022.

For kjelder, fotografer og meir informasjon,
sjå raundaselva.com

